

## **Generelt om dei nye reglane for vurdering av helsekrav for å ha førarkort:**

Frå 1. oktober 2016 blir det innført nye helsekrav for å ha førarkort. Dersom fastlegen eller annan lege finner at du ikkje oppfyller helsekrava i den nye førarkortforskrifta, så skal du få informasjon om dette. Då kan du ikkje køyre før du eventuelt får ny beskjed frå legen om at du igjen fyller helsekrava.

Det skal bli enklare for legane og dei som søker om førarkort å sjå kva krav som gjeld, og det skal vere mindre rom for skjønn.

I all hovedsak vil det ikkje vere nokon vesentleg endring i dei reelle helsekrava som blir stilt for å innehå førarkort. Den største forskjellen er at det er fastlegen, og ikkje Fylkesmannen, som skal gjere den endelege vurderinga av om personen kan fortsette å køyre bil, eventuelt få tilbake førarkortet.

For bruk av sterke smertestillande legemidler, sovemedisiner og beroligande medikament, så vil krava bli strengare.

Nokre legemidler kan påvirker køyreevnen negativt. Sjåførar som bruker nokre typar legemidler må enten slutte, trappe ned til lavare dose eller gå over til eit anna legemiddel om dei fortsatt skal kunne køyre bil. Det er ikkje tillatt å bruke legemidler som påvirker evnen til å køyre bil så mykje at det utgjer ein risiko for tryggleiken i trafikken. **Snakk med legen din før du gjør endringar på eigen legemiddelbehandling.**

Dei nye reglane legg opp til at det i større grad blir fastlegen som kjenner pasienten sin helsetilstand og medikamentbruk som får ansvar for å vurdere om helsekravet for førarkort er oppfylt.

For yrkessjåførar er helsekravene innskjerpa. Dersom yrkessjåførar bruker morfinpreparat som Paralgin Forte fast, så oppfyller du ikkje helsekrava for førarkort for tunge klassar. Det same gjelder for sjåfør av campingbil opptil 7500 kilo.

Legane i Suldal kommune kjem til å ta dette opp med pasientane det gjeld ved fornying av resept eller legetime i tida som kjem.

Tryggleik i trafikken er noko som er viktig for alle i samfunnet. Dersom me får ein helsetilstand som gjer at det ikkje er mogleg å køyre bil på sikker måte er alle, også sjåføren sjølv, tent med at vedkommande let bilen stå. Suldal kommune vil legge vekt på at legar og psykolog kjenner regelverket godt, slik at dei kan gje riktig informasjon til sine pasientar, samt eventuelle pårørande som tek kontakt med bekymring om sine nærmeste.

## **EIN OPPFORDRING TIL ALLE SOM KØYRER BIL:**

**Uavhengig av om legen din kryssar «ja» i helseattesten på at helsekrava er oppfylt når du neste gong skal fornye fin førarrett, så kan legen sin vurdering aldri erstatte den kjennskapen du har til deg sjølv, din helsetilstand og dagsformen din. Lytt til deg sjølv og dei du har rundt deg dersom du er usikker på om du kan køyre sikkert, og drøft spørsmålet med legen din. På denne måten kan du vere med å sørge for tryggleiken i trafikken.**

Med vennleg helsing

Harald Bjarne Hellesen, kommuneoverlege i Suldal, Sand 03.10.2016